



## Notat

Dato: 14.06.2017  
Arkivsak: 2014/18050-29  
Saksbehandlar: silfoyn

---

**Til:** Snorre Waage

---

**Frå:** Gunnbjørg Austrheim, Silje Øvrebø Foyen

---

### **Kulturminnefagleg fråsegn - 3. gongs høyring og offentleg ettersyn av områderegulering Valestrand - Plan id. 12532011003 - Osterøy kommune**

Ved 1. gongs høyring fremja Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune motsegn til høyring av områderegulering for Valestrand Sentrum, Osterøy kommune plan id: 12532011003 grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser knytt til garveriverksemda frå 1800-talet og Bullaeigedommen.

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak i saka 21.10.2014 (sak nr 141/2014) og fremja motsegn. Det var knytt motsegn til desse områda som no er endra og motsegn knytt til dette har falt bort:

Garveri- og naustmiljøet mangla i planframlegget omsynssone, og var i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Osterøy kommune har ved høyring av områderegulering for Valestrand tatt motsegn til følgje. I planframlegget som no ligg føre er garveri -og naustmiljø sikra med omsynssone H570\_02 med føresegn.

Nausthaugen var lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggsføremål, og var i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Nausthaugen er endra til føremål G (grøntstruktur).

Bullaeigedommen og kulturmiljøet omkring har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. Vårt krav om utviding av omsynssone omkring Bullaeigedommen er teke til følgje. Omsynssona H570\_1 kring Bullaeigedomen er no tilstrekkeleg.

Andre kulturminnefaglege merknader er og teke til følgje som til dømes:

Fylkesrådmannen rådde sterkt ifrå riving av Eldsteskulen. Det er positivt at Eldsteskulen og Eideshuset er sikra med omsynssone H570\_04 og H570\_03 med føresegn

For BKB05 har vi tidlegare spilt inn at omsynssone H570\_1 skulle omfatte heile BKB05 for å sikre siktlinene bort til Bullahuset/Bullaeigedomen. Vi stiller oss positiv til slik kommunen har valt å løyse planen her og at bygningen er trekt noko tilbake frå vatnet for å redusera fjernverknader for kulturlandskapet.

For o\_BAS02 har vi tidlegare gjeve fråsegn til at vi er kritisk til gangveg o\_BAS02 i sjø framfor garveriet BKB10. Vi stiller oss positiv til at ein legg tilkomsten frå Valestrand kai til garverimiljøet i gangveg bak naustmiljøet før den kjem ut til sjøen i o\_BAS03.

### Automatisk freda kulturminne

Områderegulering for Valestrand sentrum er ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske undersøkingar jf. § 9 i Kulturminnelova ved oppstartsvarsel av områdeplanen i 2011. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne innafør planområdet. Etter avtale med Osterøy kommune i e-post av 12.10.2011 er det ikkje utført arkeologiske registreringar innanfor området rundt Bullaieigedommen, då denne i planforslaget er lagt som omsynssone med føremål vern, jf. plan- og bygningslova §11- 8c, §12-6 og §12-7 nr.6. Føresegna til H570\_01 ( sone for særleg bevaring av kulturmiljø for Bullaieigedom) i det nye planframlegget sikra at tiltak som kan vere skadeleg for moglege registrerte automatisk freda kulturminne ikkje kan settast i gang i dette området.

Vi kan ikkje sjå at formuleringa under er lagt til 1. Generelle føresegn. Vi ber om at dette vert retta opp.

*Dersom det i samband med arbeid i marka eller i sjø kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet, jf. meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.*

Hordaland fylkeskommune har tidlegare hatt motsegn til planen, og har kome med andre merknader som er knytt til planforslaget. Motsegn på grunnlag av konflikt med nasjonale kulturminneinteresser som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 21.10.2014 er difor borte. Når det gjeld nye endringar som er teke inn i planen på 3. gongs høyring, så har vi ikkje merknader til denne når det gjeld omsynet til kulturminne.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune meiner at Osterøy kommune legg frem ein plan der kulturminne og kulturmiljø er godt ivareteke, og at ein med ivaretaking av kulturminne legg til rette for gode kvalitetar i og rundt Valestrand sentrum.

**Sakshandsamarar:** Gunnbjørg Austrheim og Silje Øvrebø Foyn